



Vinje kommune
Rådmannen

Det kongelige kultur- og kirkedepartement
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

del 77

Kultur- og kirkedep.	
M	
Saksnr. 200605491	Dato 22.11.06
Kj. -501	Beh.

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
HKL	06/1369	13941/06	C84/&13	21.11.2006

NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja - høyring

Vedlagt følger høyringsuttala frå Vinje kommunestyre.

Med helsing

Hans Kristian Lehmann
rådmann



--

Arkiv saknr:	06/1369
Løpenr.:	8777/06
Arkivkode:	C84/&13

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet	21.09.2006	06/63
Kommunestyret	05.10.2006	06/63

Sakshandsamar: Hans Kristian Lehmann

NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja - høyring

Vedlegg:

Spørsmål til høyringsinstansane

Samandrag av utvalets standpunkt (utgreiingas kap. 2)

Dokument i saka:

NOU 2006:2 Staten og den norske kyrkja

Bakgrunn:

Eit offentleg utval har gjort ei brei utgreiing om tilhøvet stat –kyrkje. Utgreiinga er nå sendt ut på høyring og høyringsfristen er sett til 1. desember 2006.

Vurdering:

Rådmannen har vore i tvil om kommunestyret bør handsama spørsmåla til høyringsinstansane. Dette er spørsmål det vil vera politisk usemje om og ein måtte hatt avstemming om dei einskilde spørsmåla i kommunestyret. På eit informasjonsmøte som biskopen og KS arrangerte i Bø nyleg blei høyringsinstansane oppmoda om å bruke skjemaet. Departementet vil i arbeidet med høyringsuttalene "telle stemmer" i høve til det eine eller andre standpunkt. Det blei og sagt at høyringsinstansar som ikkje gjer bruk av skjemaet ikkje vil telle med når departementet skal gjera si oppsummering. Formannskapet får vurdere om ein skal leggje opp til ei slik avstemming i kommunestyret.

Her er eit kort oversyn over hovudpunkta i utgreiinga:

Framtidig kyrkjeordning

Utvalets fleirtal på 18 medlemmar tilrår at dagens statskyrkjeordning opphevast og at det etablerast ei ny kyrkjeordning for Den norske kyrkje. Eit fleirtal av desse på 14 tilrår at kyrkja organiserast som ei lovforankra folkekyrkje, mens eit mindretal på 4 tilrår at kyrkja organiserast som ei sjølvstendig folkekyrkje.

Eit mindretal på 2 i utvalet tilrår at dagens statskyrkjeordning vidareførast.

Finansiering

Fleirtalet foreslår at offentlege løyvingar står for hovudfinansieringa med statlege tilskott og kommunale tilskott som skal dekkje bygging, vedlikehald, forvaltning og drift av kyrkjebygg. Eit mindretal tilråd at den offentlege løyving i si heilskap kjem frå staten, medan eit anna mindretal tilrår finansiering gjennom ein medlemskontingent.

Gravferdsordning

Fleirtalet tilrår at kommunen tek over ansvaret for gravferdsforvaltninga, medan eit mindretal tilrår at kyrkjeleg fellesråd beheld ansvaret.

Freda og verneverdige kyrkjer

Utvalet tilrår at det etablerast ei serskild finansieringsordning for freda og verneverdige kyrkjer uavhengig av det framtidige tilhøvet mellom staten og Den norske kyrkje. Staten tek over eigarskapet til freda og verneverdige kyrkjer som takast ut av kyrkjeleg bruk.

Eigedomssrett

Fleirtalet i utvalet meiner at ein bør vidareføre grunnprinsippet om soknas eigedomssrett til soknekyrkjer og lokale kyrkjefond, medan mindretalet tilrår at det ved ei endra kyrkjeordning gjerast eit samla bo-oppgjer da kyrkjebygg, kyrkjeleg infrastruktur og eigedomsmasse er bygd opp av fellesskapet gjennom hundreår.

Opplysningsvesenets fond

Fleirtalet tilrår at Opplysningsvesenets fond overførast til Den norske kyrkje. Mindretalet ser fondet som fellesskapets verdiar. Eigedomar som i dag er i kyrkjeleg bruk overførast til Den norske kyrkje medan andre behaldast av staten eller seljas.

Kommentar til ei uttale

Spørsmålet om statskyrkjeordninga er eit verdispørsmål som rådmannen ikkje finn å ville ha nokon meining om i denne saka. Men rådmannen finn grunn til å fokusere på konsekvensane av dei ulike alternativa. Dersom ein til slutt veljar å fylgje mindretallets tilråding om ikkje gjera nokon ending i statskyrkjeordninga er det ikkje trong til å gjera store endringar. Rådmannen finn det då naturleg at kyrkjeleg fellesråd held fram med å taka hand om gravferdene. Særleg i mindre kommunar er det ikkje nokon eigen gravferdsforvaltning. Stillinga som kyrkjegardsarbeidar er kombinera med kyrkjetenar eller andre kyrkjelege stillingar. Ei deling av dette ansvaret vil bli ei tungvint ordning. Skulle statskyrkjeordninga bli avvikla kjem kyrkja meir på line med andre trdomssamfunn og vil få eit så stort indre

sjølvstyre at rådmannen finn det prinsipielt riktig at kommunen tek over ansvaret for gravferdene.

Det same gjeld i høve til finansiering. I ei statskyrkjeordning finn rådmannen det rett at kommunane skal halde fram å ha eit økonomisk ansvar for bygningane. Men rådmannen stør framlegget om ei eige finansieringsordning for freda og verneverdige kyrkjer. Om statskyrkjeordninga skulle avviklast finn rådmannen det ikkje naturleg at kommunane tar del i finansieringa, som da heilt ut må bli statlig evt. kombinera med ei medlemsavgift. Når det gjeld bygningane må dei verdiane som fylgjer med Opplysningsvesenets fond brukast til å halde kyrkjebygga ved like.

Rådmannen er elles samd med mindretalet syn på at det må gjerast eit samla bo-oppgjjer slik at dei verdiane som er bygd opp av fellesskapet skal falle tilbake hit og ikkje fylgje med kyrkja.

Framlegg til uttale:

Vinje kommunestyre har drøfta utgreiinga om stat og kyrkje

Ei grunnlovsforankra folkekyrkje vil sikre at kyrkja er der for alle som ynskjer det og sikrar ein tilstrekkeleg lav terskel for at alle skal kunne føle seg heime i kyrkje uansett trusengasjement. Vel ein denne løysinga vil kommunestyret tilrå at kyrkjeleg fellesråd held fram med å taka hand om gravferdene. Særleg i mindre kommunar er det ikkje nokon eigen gravferdsforvaltning. Stillinga som kyrkjegardsarbeidar er kombinera med kyrkjetenar eller andre kyrkjelege stillingar. Ei deling av dette ansvaret vil bli ei tungvint ordning.

I ei folkeleg statskyrkjeordning finn kommunestyret det rett at kommunane skal halde fram å ha eit økonomisk ansvar for bygningane, men stør framlegget om ei eiga statleg finansieringsordning for freda og verneverdige kyrkjer. Statens bør og taka over eigarskapet for freda og verneverdige kyrkjer som takast ut av bruk.

Skulle statskyrkjeordninga bli avvikla kjem kyrkja meir på line med andre truomssamfunn. Kyrkja blir eit eige rettssubjekt og med sjølvstendig ansvar for alle sakar som har med kyrkjas tru og verksemd å gjera. Kommunestyret finn det da prinsipielt riktig at kommunen tek over ansvaret for gravferdene. Det er heller ikkje naturleg at kommunane tar del i finansieringa av kyrkja, som heilt ut må bli statlig evt. kombinera med ei medlemsavgift. Når det gjeld kyrkjebygningane må dei verdiane som fylgjer med Opplysningsvesenets fond brukast til å halde kyrkjebygga ved like.

Kommunestyret er samd med mindretalet syn på at det må gjerast eit samla bo-oppgjjer slik at dei verdiane som er bygd opp av fellesskapet skal falle attende hit og ikkje fylgje med kyrkja. Opplysningsvesenets fond er og bygd opp av fellesskapets verdiar og eigedomar som ikkje er i kyrkjeleg bruk må behaldast av statens aller avhendast.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar rådmannens framlegg til uttale om NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkje

Rådmannen,

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Handsaming i Formannskapet 21.09.2006:

Framlegg frå Sp. Aslak Ofte:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret utan tilråding.

Framlegget til Ofte vart samrøystes vedteke.

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret utan tilråding.

Saksordførar: Wenche K. Nystog

Handsaming i Kommunestyret 05.10.2006:

Ein tok for seg og røysta over punkt for punkt i skjemaet som skulle leverast frå høyringsinstansane.

Punkt 1: Kva for overordna prinsipp bør ligge til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Framlegg frå Krf. v. Agnar Bratland:

Til pkt. 1 i skjemaet:

Ei grunnlovsforankra folkekyrkje vil sikre at kyrkja er der for alle som ynskjer det og sikrar ein tilstrekkeleg lav terskel for at alle skal kunne føle seg heime i kyrkje uansett trusengasjement. Med denne løysinga held kyrkjeleg fellestråd fram med å taka hand om gravferdene. Særleg i mindre kommunar er det ikkje nokon eigen gravferdsforvaltning. Stillinga som kyrkjegardsarbeidar er kombinera med kyrkjetenar eller andre kyrkjelege stillingar. Ei deling av dette ansvaret vil bli ei tungvint ordning.

I ei folkeleg statskyrkjeordning finn kommunestyret det rett at kommunane skal halde fram å ha eit økonomisk ansvar for bygningane, men stør framlegget om ei eiga statleg finansieringsordning for freda og verneverdige kyrkjer. Statens bør og taka over eigarskapet for freda og verneverdige kyrkjer som takast ut av bruk.

Framlegg frå SV v. Jorunn Hestmann:

Ei statskyrkje er ikkje i samsvar med eit moderne fleirkulturelt samfunn, der mange ulike religionar og livssyn er representerte.

Livssyn er ei privatsak, som folk sjølve må ta ansvar for å organisere, dersom dei kjenner trong for eit større fellesskap på dette området.

Framlegget til Hestmann fall med 7 mot 17 røyster. Bratland sitt framlegg vart vedteke.

Pkt. 2: Den norske kyrkja som statskyrkje

Det vart vedteke med 17 mot 7 røyster at den norske kyrkje bør fortsette som statskyrkje.

Pkt. 3: I kva for lov bør Den norske kyrkja vere forankra?

Det vart med 14 mot 10 røyster vedteke at kyrkja bør vere forankra i grunnlova.

Pkt. 4: Korleis bør Den norske kyrkja finansierast?

Det vart samrøystes vedteke at Den norske kyrkja bør finansierast med offentleg finansiering utan medlemsavgift.

Pkt. 5: Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga blir avvikla?

Det vart samrøystes vedteke å ikkje krysse

Pkt. 6: Dersom statskyrkjeordninga blir avvikla, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

Det vart samrøystes vedteke å ikkje krysse

Pkt. 7: Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Framlegg frå SV v. Jorunn Hestmann:

Gravferder må vera eit offentleg ansvar å leggjast praktisk til rette for.

Det vart vedteke med 20 mot 4 røyster at den lokale kyrkja bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga.

Pkt. 8: Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga?

Det vart samrøystes vedteke at den lokale kyrkja bør eige og forvalte kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret..

Etter røysting vert skjemaet fylt ut slik:

Pkt. 1:

Ei grunnlovsforankra folkekyrkje vil sikre at kyrkja er der for alle som ynskjer det og sikrar ein tilstrekkeleg lav terskel for at alle skal kunne føle seg heime i kyrkje uansett trusengasjement. Med denne løysinga held kyrkjeleg fellesråd fram med å taka hand om gravferdene. Særleg i mindre kommunar er det ikkje nokon eigen gravferdsforvaltning. Stillinga som kyrkjegardsarbeidar er kombinera med kyrkjetenar eller andre kyrkjelege stillingar. Ei deling av dette ansvaret vil bli ei tungvint ordning.

I ei folkeleg statskyrkjeordning finn kommunestyret det rett at kommunane skal halde fram å ha eit økonomisk ansvar for bygningane, men stør framlegget om ei eiga statleg finansieringsordning for freda og verneverdige kyrkjer. Statens bør og taka over eigarskapet for freda og verneverdige kyrkjer som takast ut av bruk.

Pkt. 2:

Bør fortsette.

Pkt. 3:

Grunnlova.

Pkt. 4:

Offentleg finansiering utan medlemsavgift.

Pkt. 5:

Blir ikkje avkryssa.

Pkt. 6:

Blir ikkje avkryssa.

Pkt. 7:

Den lokale kyrkja.

Pkt. 8:

Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvararet.